



Notat

Dato: 14.02.2017
Arkivsak: 2017/1422-1
Saksbehandlar: ingsven

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Rutinar for avhending av utrangert PC-utstyr

I fylkesutvalet 26. januar 2017 vart det stilt spørsmål om fylkeskommunen har utrangert IT-utstyr som kan gjevast bort til t.d. hjelpeorganisasjonar eller liknande.

Utrangert IT-utstyr omfattar hovudsakeleg PC-ar nyttå i det daglege arbeidet i organisasjonen, etter at det for nokre år sidan vart innført ordning med elev-eigde PC-ar i vidaregåande skule. Av den grunn er talet på slike utstyr kraftig redusert.

Kvar avdeling/eining kjøper sjølve inn aktuelt IT-utstyr ut frå dei rammeavtalane som fylkeskommunen har inngått. Hovudtyngda av utstyret som vert levert inn til IT-seksjonen kjem frå sentraladministrasjonen og er anten defekt eller ueigna for vidare bruk.

- a) Defekt utstyr vert gjennomgått og data sletta i samsvar med tilrådingane til Nasjonal Sikkerhetsmyndighet. Utstyret vert deretter avhenda gjennom ei godkjend miljøreturordning. Noko utstyr vert gjeve til skulane til bruk i aktuell undervisning.
- b) Utstyr som einingane vurderer som for gammalt/ueigna for vidare bruk, vert i ein del tilfelle «resofta» og nyttå som utlåns-PC til tilsette. Elles følgjer ein same prosedyre som i punkt a).
- c) Brukbart IT-utstyr som avdelingane ikkje ønskjer å nyttå sjølve, vert nyttå som utlåns-PC til tilsette i regi av IT-seksjonen. Det er ikkje høve for tilsette å kjøpe eller overta vederlagsfritt PC ved avslutning av tilsettingsforholdet i fylkeskommunen.

Ved årsskiftet hadde ein om lag 20 pc-ar som kunne vore nyttå i eit slikt hjelpeprogram. Fylkesrådmannen meiner det kan vere ein god tanke å gi bort utstyr som framleis kan brukast, men som ikkje lenger støttar krava som må stillast til IT-utstyr i fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen ber difor fylkesutvalet drøfte om det skal arbeidast vidare med ei slik ordning og i tilfelle korleis fordelinga skal skje og kva avgrensing som skal gjelda – IT-utstyr/anna utstyr.